

Kommunerstruktur i Hardanger. Framlegg til nytt prosjekt.

SAKSFRAMLEGG

Framlegg til felles saksutgreiing ved Leiv Vambheim, dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Til drøfting den 09.05.2014

SAKA GJELD:

DELTAKING I KOMMUNESTRUKTURARBEIDET I HARDANGER 2014 - 2016.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

- A. kommune/.....herad vil delta aktivt i det 2-årige Prosjektet «Ny kommunestruktur i Hardanger» i tråd med Prosjektskisse og Framdriftsplan.
- B. kommune/.....herad føreset at prosjektet utarbeider halvårlege løypemeldingar og leverer alternative framlegg til ny kommunestruktur i Hardanger som vert lagt fram for kommunane/herada til orientering. Kommunane/herada tek sjølve prosessen vidare etter prosjektslutt.
- C. kommune/.....herad godkjenner kostnadsfordeling i tråd med Hardangerrådsnøkkelen.

DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

1. Møtenotat frå Arbeidsgruppa 10.10.2013
2. Møtenotat frå Arbeidsgruppa 13.12.2013
3. Møtenotat frå Arbeidsgruppa av 13.03.2014
4. Oppsummering Gruppearbeid Hardingtinget 13.02.2014
5. Framdriftsplan for kommunestruktur i Hardanger 2013 -2019
6. Regjeringa sitt ekspertutval del 1 av 31.03.2014 Kortversjon. Sjå også:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/pressemeldinger/2014/Rapport-fra-ekspertutvalget-for-kommunereformen-overlevert.html?id=754197>

SAKSFAKTA

Prosessen så langt

- A) Regjeringa Solberg har både i valkampen og etter Regjeringsovertakinga gjeve tydelege signal om at dei ønskjer større og meir robuste kommunar i Noreg. Ein konsekvens av dette er at Regjeringa Solberg har sett ned eit ekspertutval som skal levera to rapportar i løpet av 2014. Den første delrapporten om oppgåver og storleik vart levert 31.03.2014 med slike kriterier tilrådingar:

Utvalgets kriterier

Utvalget anbefalar ti kriterier som er rettet mot kommunene, og to kriterier som er rettet mot staten. Kriteriene angir hva som skal til for at en kommune på en god måte skal kunne ivareta sine fire roller og oppgaveløsningen knyttet til disse. Kriteriene ivaretar samfunnsmessige hensyn som strekker seg ut over den enkelte kommunegrense, og anbefales som grunnlag for å vurdere kommunenes oppgaveløsning i dag og for å vurdere en framtidig kommunestruktur.

Kriterier for kommunene:

1. Tilstrekkelig kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkelig distanse
4. Effektiv tjenesteproduksjon

5. Økonomisk soliditet
 6. Valgfrihet
 7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
 8. Høy politisk deltakelse
 9. Lokal politisk styring
 10. Lokal identitet
- Kriterier for staten:
11. Bred oppgaveportefølje
 12. Statlig rammestyring

Anbefalingene

På bakgrunn av kriteriene og gjennomgangen av faglitteratur i utvalgets rapport gir utvalget følgende anbefalinger for en god kommunestruktur:

1. Kommunene bør ha minst 15 000–20 000 innbyggere for å sikre en god oppgaveløsning
2. Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområder
3. Staten bør redusere detaljstyringen og ordninger for politisk deltakelse bør videreutvikles for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer

Kommunal og moderniseringsminister Jan Tore Sanner har mellom anna slik vurdering:

Målet med kommunereformen er å sikre gode velferdstjenester til oss alle: Gode skoler, pleie og omsorg når vi blir eldre, trygge barnehager for barna våre. Det handler om hva som skal til for å ta vare på de innbyggerne som trenger det aller mest: Barn som trenger barnevernstjenester, rusavhengige, mennesket med psykiske helseutfordringer, de som faller utenfor, sier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner. Regjeringen ønsker sterke og robuste kommuner, som kan få flere oppgaver og mer ansvar. De fleste tjenester løses best nærmest innbyggerne, i lokalsamfunnene, sier han

- Ekspertutvalgets rapport er tankevekkende og illustrerer utfordringene kommunene står ovenfor. Den gir tydelige råd om hva som kreves for at kommunene skal sikre innbyggerne sine gode tjenester i årene som kommer, og hvordan vi kan få bedre areal- og samfunnsplanlegging i pressområdene, sier han.

- Vi kjenner Norge og vår mangfoldige geografi. Det er unaturlig å stille et absolutt krav om innbyggertall eller antall kommuner. Samtidig er ekspertutvalget tydelige på hvilke forutsetninger kommuner bør ha for å sikre gode tjenester innen for eksempel barnevern, PPT, og legevakt, sier statsråden.

- B) Regionrådet ved Ordførarane i Hardangerrådet iks bestemte å setja fokus på kommunestruktur i Hardanger i samband med Års- og strategimøte 23.mars 2013. Arbeidsgruppa for dette er dei 7 ordførarane i Hardangerrådet iks.
- C) Hardardangerkonferansen 2013 hadde kommunestruktur som tema med innleiarar og drøftingar. Dette var den offisielle starten på Kommunestrukturarbeidet i Hardanger.
- D) Det er halde Arbeidsgruppemøte i samband med dei ordinære Regionsmøta i Hardangerrådet iks. Her har det vore det opne drøftingar om innhald, prosess og framdriftsplan.
- E) Hardingtinget 13.02.2014 hadde også Kommunestruktur som tema og der vart det levert svar frå eit gruppearbeid som svara på ein del konkrete spørsmål.

Vurdering:

Arbeidet i Hardangerrådet iks har til no vore av innleiande karakter, der Arbeidsgruppa har sett Kommunestruktur på dagsorden som generell problemstilling. Det var vore god mediadekning av prosessen slik at både innbyggjarar generelt og politikarar spesielt har hatt høve til å følgja med i dei tema som har vore oppe til drøfting.

Vidare prosess:

I følgje den godkjende framdriftsplanen så skal kommune-og heradsstyra i Hardanger inviterast til formelle vedtak om å delta i prosessen vidare. Som dagleg leiar i Hardangerrådet iks har eg fått i oppgåve å skriva ei felles saksutgreiing til dei 7 Hardangerkommunane/-herada. I denne fasen av arbeidet vil eg tilrå å oppretta eit prosjekt med tittelen «Ny kommunestruktur i Hardanger». Eg ser for meg eit 2-årig prosjekt som omhandlar både utgreiingsfasen og tilråingsfasen, jamfør Framdriftsplanen:

Utgreiingsfase juni 2014-juni 2015: Svar på moglege utfordringar og løysingar.

- Utarbeiding av nye/oppgraderte rapportar.
- Skildring av region, befolkningsutvikling og demografi.
- Nye kommunale oppgåver.
- Nasjonale trendar og utgreiingar.
- Hovudutfordringar og målsetjingar framover.
- Moglege kommunesamanslåingar og konkrete løysingar.
- Konkrete tilråingar om ny kommunestruktur frå arbeidsgruppa.

Tilråingsfase oktober 2015-juni 2016: Utgreiingar om ny kommunestruktur i Hardanger.

- Utrekning av økonomiske effekter.
- Vurdering av rolla som samfunnsutviklar.
- Politiske / demokratiske konsekvensar.
- Konsekvensar for tenestetilbod, geografisk plassering, struktur og harmonisering av tenestenivå.
- Avgjerd i kommune/heradsstyret om å starta forhandlingar om samanslåing.

ADMINISTRATIV TILRÅDING:

Eg tilrår Hardangerrådet iks som prosjekteigar og eg tilrår kommunane/herada å gje den sitjande arbeidsgruppa ved ordførarane i Hardanger fullmakt til å vert styringsgruppe for eit nytt prosjekt »Kommunestruktur i Hardanger». Det vil medføra at alle prosjektvedtak vert gjorde i styringsgruppa. Kommunane vert orienterte undervegs med løypemeldingar og vil sjølve ta ansvar for å arrangera politikardrøftingar og folkemøte og andre ønskjelege innvolveringstiltak.

Prosjektskisse:

Viss ein no gå over frå eit prosessarbeid til eit prosjekt, så vil det også medføra økonomiske utteljingar. Viss ein skal ha prosjektleiar i td 50 % stilling så vil det fort krevja 600.000 kr året inklusive sosiale kostander og driftsutgifter. Då har prosjektet 300.000 kr til kjøp av konsulentutgreiingar om ein legg 1.500.000 kr til grunn som brutto prosjektutgifter. Det vil til dømes vera naturleg å søkja Fylkesmannen i Hordaland om 50 % tilskot til prosjektleiinga og det vil vera aktuelt å søkja departementet om støtte til utgreiingsarbeidet. Då vil den kommunale eigenandelen vera avgrensa til 300.000 kr året i 2 år, og viss ein nyttar hardangerrådsnøkkelen vert det slik:

Hardangerrådsmodellen		2014	2015	2016	I alt
Årleg sum		150000	300000	150000	600000
Eidfjord	10 %	15000	30000	15000	60000
Granvin	8 %	12000	24000	12000	48000
Jondal	8 %	12000	24000	12000	48000
Kvam	26 %	39000	78000	39000	156000
Odda	26 %	39000	78000	39000	156000
Ullensvang	14 %	21000	42000	21000	84000
Ulvik	8 %	12000	24000	12000	48000

Med bakgrunn i dette føreslår eg slik prosjektskisse:

- Målsetjing: Utreia og tilrå alternative utarbeider alternative framlegg til ny kommunestruktur i Hardanger som vert lagt fram for kommunane/herada til orientering.
- Tidsramme: 2-årg prosjekt juli 2014 – juli 2016.
- Styringsgruppe: Ordførarane i Hardanger med varaordførarane som varapersonar
- Prosjektansvarleg: Hardangerrådet iks ved dagleg leiar
- Prosjektleiing: Engasjement eller tenestekjøp inntil 50 % stilling ved Styret i Hardangerrådet iks
- Økonomi: Brutto kalkulert til 1.500.000 kr fordelt på inntil tilskot og eigenandel etter Hardangerrådsmodellen.